

SAK 43/19 TILSKOT NORSK REISELIVSFAGSKOLE

Saksopplysning

I sak 51/18 løyvde Regionrådet for Hallingdal kr. 200.000 til Norsk Reiselivsfagskole til ein oppstartsfase, dei tre fyrste åra. Grunnlag for saka kan lesast [her](#).

Fagskolen Tinius Olsen sendte søknad for godkjenning av studiet til Norsk organ for kvalitet i utdanning (NOKUT), innan fristen 1.mars 2019. Det vart lagt opp til ein svært ambisiøs framdriftsplan med oppstart av fagskula sept. 2019, under føresetnad av godkjenning. Det er ei kjennsgjering at sakshandsaminga kan ta lang tid. Søknad har vore handsama i eit ekspertpanel og NOKUT har kome med attendemelding med spørsmål som må avklarast/ utgreiast nærare, med svarfrist 23.8. Tinius Olsen har svara ut dei spørsmål som er stilt og ser dette som uproblematisk i forhold til godkjenning. Søknad vil gå attende til ekspertpanelet før handsaming i styre til NOKUT. Ut frå status er oppstart fagskule satt til veke 2 i 2020. Tinius Olsen heldt studentar oppdatert om framdrift.

Buskerud fylkeskommune løyvde i 2017 kr. 500.000 til etablering av fagskula ut frå ein søknad på kr. 1.000.000. Midlane er nytta til:

- Prosjektleiing
- Søknadsarbeid
- Møteplassar og nettverksbygging/mobilisering
- Strategi og analyse
- Informasjon, marknadsføring

Pg.a. noko snau ramme har Tinius Olsen nytta vesentleg meir eigeninnsats og eigne midlar enn planlagt, i tillegg har Regionrådet for Hallingdal utført ein del oppgåver, spesielt i forhold til informasjon, marknadsføring.

Styringsgruppa handsama 13.8.2019 behov for styrking av økonomien i prosjektet fram til oppstart. For å halde framdrift (prosjektlear) og drive god informasjon/marknadsføring er det vurdert at det er nødvendig med ekstra midlar/innsats som er foreslege slik:

- Fagskolen Tinius Olsen kr. 200.000
- Regionrådet for Hallingdal kr. 100.000
- Næringslivet (Geilo) kr. 100.000 (eigeninnsats)

Vurdering

Etter dagleg leiar sitt syn har det vore gjort eit svært omfattande arbeid innanfor ei stram økonomisk ramme der alle partar har strekt seg langt for å gjennomføre som planlagt. Det er nødvendig med noko ekstra midlar for å halde framdrift (prosjektlear) og drive god informasjon/marknadsføring i sluttfasen. Det kunne vore aktuelt å arbeide med andre finansieringskjelder, men på grunn av framdrift og eit visst tidspress blir det vurdert som mindre aktuelt.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 100.000 til etablering Norsk Reiselivsfagskole. Midlane blir teke frå det regionale næringsfondet.

Ål 27.8.2019
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar